

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Tore Rikstad

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1905 - 14/4674

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
03.03.2014

## Rapport etter inneklimatesting i Raunholmskogen 9 A, B og C

Miljøretta helsevern vart kontakta av Tore Rikstad, som ynskte å få kartlagt inneklimatesting i Raunholmskogen 9 A, B og C grunna klagar på dårleg inneluft.

Huset er frå ca. 1989. Det har ikkje vore fukt gjennom tak. Golvet består av ei støypt plate med varmekablar. Det er avtrekk via villavent-anlegg.

På synfaring den 09.01.14 vart det ikkje registrert nokon lukt i nokon av leilegheitene, men i ein leilegheit var det særst varmt og «tung» luft. Det vart bestemt at det skulle utførast ei inneklimatesting med omsyn på CO<sub>2</sub>, temperatur og relativ luftfuktleik.

Inneklimatesting vart utført i perioden 12 - 17.02.14. Verksemda var ansvarleg for å føre registreringsskjema.

### ➤ **Samandrag**

#### **Tabell: Måleresultata**

Leilegheit	Dato	CO <sub>2</sub> , ppm			Temp. °C			RF, %	Kommentar
		Snitt	Max	Min	Snitt	Max	Min	Snitt	
A	12 - 17.02.14	732	<b>1289</b>	493	<b>24,6</b>	<b>27,1</b>	<b>22,1</b>	35	Normal personbelastning. Jamleg lufting.
B	12 - 17.02.14	953	<b>1485</b>	478	<b>24,8</b>	<b>25,7</b>	<b>24,0</b>	41	Ingen opplysning.
C	12 - 17.02.14	715	<b>1112</b>	403	<b>22,4</b>	<b>23,6</b>	20,3	37	Ingen opplysning.

#### **Anbefalte normer: (Måleverdiar utover norm er merket med fet skrift)**

- CO<sub>2</sub> har en normverdi på 1000 ppm
- Temperatur: Anbefalt lufttemperatur under 22 °C.
- Temperatur under 19 °C eller over 26 °C skal unngås.
- RL (relativ luftfuktleik), denne bør ikkje overstige 35 – 40% vintertid

## Leilegheit A:

Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** er stort sett tilfredsstillande, med berre korte overskridingar av norma. **Temperaturen** er for høg (> 27 °C). Dette kan gje tørrleik i slimhinner i luftveggar og auge og uttørring av huda ("tørr luft" – kjensle) samt hovudpine, nedsett arbeidsevne og trøytteleik. Relativ luftfuktleik er stort sett tilfredsstillande.

Anbefalt tiltak: Temperaturen må senkast. Anbefalt bør den ligge mellom 20 – 22 °C.

- **Leilegheit B:**

Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** ikkje er tilfredsstillande. I lange periodar (fleire døgn) er den over norm, samstundes som **temperaturen** er for høg (ca. 25 °C). Inneklima er ikkje tilfredsstillande.

Med for dårleg luftutskifting (lufting) får ein eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå, noko som medfører opphoping av «forureiningar». Når temperaturen i tillegg er høg vil ein kunne få ei kjensle av tung og ufrisk luft samt vond lukt, og ein vil kunne oppleve tørrleik i slimhinner i luftveggar og auge og uttørring av huda ("tørr luft" – kjensle) samt hovudpine, nedsett arbeidsevne og trøytteleik. Relativ luftfuktleik er stort sett tilfredsstillande.

Anbefalt tiltak: Betre lufte rutinar må innførast, evt. justere opp ventilasjonen. Temperaturen må senkast. Anbefalt bør den ligge mellom 20 - 22°C.

- **Leilegheit C:**

Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** er tilfredsstillande. **Temperaturen** ligg litt over det anbefalte, men kan akseptast. Den kan med fordel senkast noko. Relativ luftfuktleik er stort sett tilfredsstillande. Inneklima vurderast som stort sett tilfredsstillande.

Anbefalt tiltak: Temperaturen kan med fordel senkast noko. (Anbefalt 20 – 22 °C).

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på 56 37 57 70 / 950 19 609

Med helsing

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk- hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Målerapport m/utskrift frå målingane

## Kopi til:

Åse Kristine Lid Kolås  
Jarle Landås  
Grethe Fosse